

# List of Signatures

Page 1/1



## Utgreiling om samfunnsansvar i SAV 2023 v.1.0.pdf

Name	Method	Signed at
Helvig, Hilde Fosmark	BANKID	2023-10-02 15:10 GMT+02
Gjesdal, Clara Beate Gram	BANKID	2023-10-17 09:19 GMT+02
Schøyen, Helle Kristine	BANKID	2023-10-01 21:47 GMT+02
Bjørhovde, Siri Bergsholm	BANKID	2023-09-29 13:24 GMT+02
Wille, Ina Nikoline	BANKID	2023-09-29 12:53 GMT+02
Jakobsen, Lene Svanberg	BANKID	2023-09-29 12:09 GMT+02
Varden, Arve	BANKID	2023-10-15 22:59 GMT+02
Reigstad, Sissel	BANKID_MOBILE	2023-10-06 13:49 GMT+02
Torgersen, Helge	BANKID_MOBILE	2023-10-04 13:55 GMT+02
HOVLAND, ANDERS	BANKID	2023-10-03 18:08 GMT+02



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 59EB408C36984BD4BDF7E2B8AC402DBD

# Utgreiing om samfunnsansvar Sjukehusapoteka Vest HF (SAV) – 2023 (v 1.0)

Gjennom Eigarskapsmeldinga St.6 (2022-2023) stiller staten krav og forventningar til at verksemder som er eigmeld av staten er leiande i arbeidet med ansvarleg verksemde. Staten sitt mål som eigmeld er at verksemder i spesialisthelsetenesta har ei bærekraftig drift, og er mest mogleg effektiv i arbeidet med å oppnå helsepolitiske mål. Eigarskapsmeldinga inkluderer ambisjonar, mål og strategiar innan sosiale tilhøve, miljø og økonomi.



**Figur 1** Statens forventningar til selskapa


## Verksemda i SAV

SAV skal sikre sjukehusa i Helse Vest legemiddelforsyning av høg kvalitet og til rett pris. Vi skal bidra til rett og trygg legemiddelbehandling på systemnivå, og til pasient. Vi skal gjera dette ved å nytta farmasøytsk kompetanse, både i det kliniske teamet rundt pasienten, i legemiddelforsyning og i kvalitetssikring av legemiddelhandtering på sjukehusa. SAV skal sikre produksjons- og forsyningsberedskap, og bidra til at pasienten sin legemiddelterapi ved utskriving vert oppretthalden utan avbrot. Nokre oppgåver, som til dømes innkjøp, blir koordinert av nasjonale selskap som dei fire helseregionene eig saman.

## Organisasjonskart

SAV blir leia av eit styre, og har en administrasjon som held til i Bergen. SAV har om lag 330 medarbeidarar. SAV eig og driv sjukehusapotek i Bergen, Stavanger, Førde og Haugesund. Apoteka ligg i lokala til sjukehusa i regionen.



**Figur 2 Organisasjonskart Sjukehusapoteka Vest**

## Utgreiing

Sosiale tilhøve
Menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve
<b>Lover og sentrale føringer:</b> <i>Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (åpenhetsloven)</i>
<b>§ 4 Plikt til å utføre aktsomhetsvurderinger</b> Lova pålegg informasjonsplikt og plikt til å gjennomføre aktsemdsvurderinger som skal være tilgjengelig i en offentlig rapport.
<b>§ 5 Plikt til å redegjøre for aktsomhetsvurderinger</b> Verksemda skal offentleggjere ei utgreiing som skal gjerast lett tilgjengelig på verksemda si nettside.
<b>SAV utgreiing:</b> Eigne medarbeidarar: SAV har etiske retningslinjer som gjeld for styret, medarbeidarane i føretaket, også dei som er leigde inn, samt rutinar for handtering av varsling. Dokumentasjon er publisert (intranett, Personalhandbok). Løn og arbeidsvilkår er regulert i lov- og avtaleverk gjennom arbeidsavtalen til kvar enkelt medarbeidar.
Leverandørar: Sykehusinnkjøp har ei sentral rolle for innkjøp av legemidlar og har ansvar for å følge opp menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i leverandørkjeda. Anskaffing og innkjøp, og samarbeidet med Sykehusinnkjøp, vert i SAV overordna handtert av Økonomi og IKT avdelinga.



This file is sealed with a digital signature.  
 The seal is a guarantee for the authenticity  
 of the document.

Document ID:  
 59EB408C36984BD4BDF7E2B8AC402DBD

SAV legg til grunn [Sykehusinnkjøp sin policy for samfunnsansvar](#) og viser til [Sykehusinnkjøp si eiga utgreiing](#) publisert på sykhusinnkjøp.no. Denne omtalar Sykehusinnkjøp si verksmed, aktsemdsvurderingar og tiltak i leverandørkjeda.

Det er viktig at medarbeidarar i SAV kjenner til rammeverket for samfunnsansvar, og at dei etiske retningslinjene til føretaket er godt kjend.

Vurdering av risiko	Tiltak
Ein vurderer at risikoen på dette området er lav sett ut frå dei barrierane og tiltaka som er omtala i rapporten.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplæring i Etiske retningslinjer, og gjere kjend rammeverk for samfunnsansvar.</li> <li>• Tett dialog med Sykehusinnkjøp for å sikre at avtalene inneholder krav og forventingar til leverandør om menneskerettar, etikk, osb.</li> <li>• Nyte samarbeidsavtaler, og arenaer som er etablert med <a href="#">Sykehusinnkjøp</a>.</li> </ul>

#### Medarbeidarar og mangfold

##### Lover og sentrale føringer:

*Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven)*

##### § 26 Arbeidslivets organisasjoner plikt til å arbeide for likestilling

Arbeidsgjevarar i offentlige verksemder, og private verksemder med fleire enn 50 tilsette skal:

- arbeida med likestilling og diskriminering gjennom ein lovbestemt metode, og kartleggje løn og ufrivillig deltid (aktivitetsplikt) annakvart år
- gjere greie for likestilling i årsrapport (plikt om utgreiing).

#### SAV utgreiing:

SAV gjere årleg greie for arbeid med likestilling og mangfold med utgangspunkt mal godkjend av føretaksgruppa i Helse Vest: likestilling, inkludere og mangfold (LIM). I SAV vert dette området overordna handtert av HR- og organisasjonsavdelinga. Rapporten er publisert [på nettsidene til SAV](#).

- SAV har likestilt og rettferdig rekruttering som eit grunnprinsipp i alle rekrutteringsprosessar
- SAV nyttar arbeidspsykologiske testar når vi rekrutterer leiarar
- Det er utvikla ei rekke e-læringskurs både for nye tilsette, og for leiarar; til støtte

Vurdering av risiko	Tiltak
Ein vurderer at risikoen på dette området er lav sett ut frå dei barrierane og tiltaka som er omtala i rapporten.	Følgje opp den årlege medarbeidarundersøkinga – ForBedring - på områda likestilling og diskriminering.

#### Miljøtilhøve

##### Klima, naturmangfold og økosystem

##### Lover og sentrale føringer:

*Lov om årsregnskap (regnskapsloven)*

##### § 3-3 c Redegjørelse om samfunnsansvar



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
59EB408C36984BD4BDF7E2B8AC402DBD

Føretak som er omfatta av lova skal laga ei utgreiing om samfunnsansvar som minst omhandlar miljø, sosiale tilhøve, arbeidsmiljø, likestilling og ikkje-diskriminering, korleis ein overheld menneskerettar og kjempar mot korruption og smurning.

#### *Nasjonale klima og miljømål for spesialisthelsetjenesten 2022-2030.*

Ved utvikling av nye apotekareal nyttar SAV tenester frå mellom anna Sykehusbygg HF. Sykehusbygg har eit særskilt ansvar for bærekraftige løysingar og vi legg til grunn [Sykehusbygg sin miljøpolicy](#) og [Sykehusbygg sin eigen utgreiing](#) om aktsemndsvurdering publisert på sykehusbygg.no.

#### **SAV utgreiing:**

Verksemda i Sjukehusapoteka Vest kan i nokon grad føre til ureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet.

SAV har eit system for miljøleiing. Her kartlegg ein, identifiserer risiko og utarbeider mål og handlingsplan med tiltak. ISO 14001 ligg til grunn for systematikken. I SAV ligg prosesseigaransvar for området i Fag- og utviklingsavdelinga. Det blir utført ei årleg gjennomgang av miljøstyringssystemet, som blir lagt frem for føretaksleiinga (leiinga sin gjennomgang). I årleg medarbeidarundersøking kan ein følgje utviklinga i andelen medarbeidarar som meiner at SAV arbeider godt med ytre miljø.

Sjukehusapoteka Vest samarbeider med dei andre føretaka i Helse Vest på miljøområdet gjennom regional miljøfaggruppe og på nasjonalt nivå med dei andre sjukehusapotekføretaka og Sykehusinnkjøp HF. I 2022 hadde føretaket samarbeid med sjukehusapotekføretaket i region midt om revisjon av arbeidet med ytre miljø.

Helseregionane i Norge har felles avtale med legemiddelgrossist der sjukehusapotekføretaka gjer innkjøp av legemidlar og andre apotekvarer. Gjeldande avtale vart inngått i 2021 med Alliance Healthcare (AHN) og vert omtala som G2021-avtalen. G2021-avtalen inkluderer krav til system for miljøleiing for å sikra samsvar med krav i lov og forskrift. Verksemda må elles arbeide systematisk med tiltak for å sikre lavast mogleg belastning på det ytre miljøet

SAV har ein beredskapsplan som byggjer på ROS-analysar. SAV er avhengig av kritisk infrastruktur som straum, vatn og elektronisk kommunikasjon. Naturhendingar vil kunne vera ei utløysande årsak til bortfall av denne, og som SAV og sjukehusføretaka må ta høgde for i sine planverk. SAV er leidgetakar hos sjukehus- føretaka. Temaet naturmangfold og økosystem er ikkje direkte omtala i miljøstyringssystemet i SAV.

Vurdering av risiko	Tiltak
Spesialisthelsetenesta har vedteke felles mål for å redusera utslepp av klimagass, men måla kan bli vanskeleg å oppfylle om dei ikkje heng saman med dei andre forventingane som er knytt til tenesta.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide vidare for å tydeleggjera miljø- og klimamål saman med apotekdrifta og i det budsjettSAMANHENG.</li> <li>Følge opp tiltak i handlingsplan etter leiinga sin årlege gjennomgang av miljøstyringssystemet, t.d. mindre utslepp av helse- og miljøskadelege stoff (redusera kassasjon).</li> </ul>



## Økonomiske tilhøve

### Skatt og førebygging av økonomisk kriminalitet

#### Lover og sentrale føringar:

*Lov om årsregnskap (regnskapsloven)*

#### § 3-3 c Redegjørelse om samfunnsansvar

Føretak som er omfatta av lova skal laga ei utgreiing om samfunnsansvar som minst omhandlar miljø, sosiale tilhøve, arbeidsmiljø, likestilling og ikkje-diskriminering, korleis ein overheld menneskerettar og kjempar mot korruption og smurning.

#### Eigarskapsmeldinga:

Selskapet arbeider systematisk for å førebyggje økonomisk kriminalitet som korruption og kvitvasking i eiga verksemد og hjå leverandørar.

#### SAV utgreiing:

SAV skal sørge for at anskaffingar skjer på korrekt og samfunnsansvarleg måte. SAV skal være pådrivar for etisk handel og miljøvennlege innkjøp. Aktuelle tema som er vurdert under dette området: *Økonomisk utruskap, bedrageri, underslag og korruption*. I SAV vert dette området overordna handtert av Økonomi og IKT avdelinga.

SAV legg til grunn regionale etiske retningslinjer som gjeld for føretaka i Helse Vest og nyttar dette som styrande dokument for arbeid med innkjøp og førebygging av økonomisk kriminalitet og anti-korruption. SAV har ekstern revisor og føretaket har motteke rein revisjonsmelding dei siste åra. Styret får informasjon om dette arbeidet i samband med handsaming av årsrekneskapen.

Ein del av arbeidet med å hindra økonomisk kriminalitet gjeld sikring mot misbruk av offentlege midlar. Dette gjeld både forsøk på svindel frå eksterne aktørar og forsøk på økonomisk utruskap og underslag frå tilsette i føretaket. Føretaket sin fullmaktstruktur skal følgjast opp ved kjøp av varer og tenester. Dette kjem fram i SAV sitt system for forvalting av organisasjon og fullmakt (ORFU) og i overordna fullmaksmatrise. SAV har ikkje erfart misbruk av fullmakter eller økonomisk kriminalitet i eigne rekker og har heller ikkje eksempel på svindel frå eksterne aktørar.

Prosessene for innkjøp er rollestyrte der fire auge-prinsippet skal førebygga at medarbeidarar gjere anskaffingar til eiga vinning. Dette er integrert som del av SAV sitt styringssystem. Størst mogleg bruk av avtaleleverandørar er ei anna form for sikring mot misbruk. Ein stor del av anskaffingane som vert gjort av SAV består av legemidlar som blir levert av norske legemiddelgrossistar. Sjølv om denne kategorien ikkje er angitt i Direktoratet for forvaltning og økonomistyrings høyrisikolisten (DFØS, 2022), har SAV vald å prioritera dette området grunna omfanget.

SAV samarbeider med dei andre sjukehusapotekføretaka og Sykehusinnkjøp HF om anskaffing av grossisttenester på vegne av dei fire helseregionane. Det vert utarbeidd konkurransedokument for kva grossisttenester skal innehalde og kva krav ein skal stilla til leverandøren. Gjeldande grossistavtale er vart inngått i 2021 med Alliance Healthcare Norge AS (AHN) og vert omtala som G2021-avtalen.

#### Aktiviteter og innkjøp gjennom grossistavtalen, G2021

Nasjonal grossistadministrasjon følgjer opp G2021-avtalen på vegne av dei fire regionale helseføretaka, med tilhøyrande sjukehusføretak og sjukehusapotekføretak. Sjukehusapoteka HF er ansvarlig for drift av Grossistadministrasjonen. Finansiering av stillingsressursar er etter definert fordelingsnøkkelen mellom sjukehusapotekføretaka.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
59EB408C36984BD4BDF7E2B8AC402DBD

Oppfølging av G2021-avtalen er eit prioritert område då det er knytt ein generell risiko til at vår primære leverandør er ein grossist med mange underleverandørar. Avtalen omhandlar og varer og tenester ein forbind med risiko for negativ påverknad då dei er resultat av globale og komplekse produksjons- og verdikjeder. Dette gjeld særskilt for legemidlar, kjemikaliar, handelsvarer til apotek og transporttenester.

Ein vurderer påverknaden, gjennomslagskrafta og posisjon til forhandling for sjukehusapotekføretaka som stor då vi forvaltar G2021 på vegne av dei regionale helseføretaka. Gjennom krav i G2021 har sjukehusapotekføretaka lagt forventningar til arbeidet med samfunnsansvar hjå avtalegrossist.

G2021-avtale inkluderer krav til system for miljøleiing og systematisk arbeid for å sikre lavast mogleg belastning på det ytre miljøet. Avtalen inkluderer også vedlegget «Etiske krav til leverandør» som tar vare på leverandøren sitt ansvar knytt til menneske- og arbeidstakarrettar i eiga verksemد og hjå leverandørane. Avtalen spesifiserer blant anna krav til ansvarleg leverandørkjede, lovverk og standardar som skal overhaldast, samt aktuelle punkt for oppfølging av arbeidet. Ein vurderer arbeidet dei gjer no som tilfredsstillande i høve til sjukehusapotekføretaka sine krav og forventingar. AHN er i omfatta åpenhetsloven, og lova sine aktsemdsvurderingar blir viktige for eit samla risikobilete av legemiddel- og råvareinnkjøp i spesialisthelsetenesta.

#### *Anskaffing av legemidlar*

Anskaffing av legemidlar utanom G2021 vil ha same risikovurdering.

Legemiddelskap er ofte avhengige av svært komplekse forsyningskjelder som omfattar hundrevis av leverandørar over heile verda. Overvaking av arbeidsvilkår er difor avgrensa, noko som utgjer ein risiko for brot på menneskerettar i land med lave kostnader. Der er arbeidsstyrken billigare og handheving av forskrifter knytt til arbeidsmiljø og tryggleik er ikkje tilstrekkeleg. For å adressera slike utfordringar er innkjøpssamarbeid og styrking av forhandlings- og posisjon til påverknad blant dei viktigaste tiltaka. SAV samarbeider tett med Sykehusinnkjøp HF og deira arbeid med ein ansvarleg og robust legemiddelstrategi. Blant anna freistar ein å samarbeida med dei andre nordiske landa for å få auka gjennomslagskraft på legemiddelmarknaden. Les meir informasjon om legemiddelstrategien og arbeidet med samfunnsansvar her: [Legemiddelstrategien i Sykehusinnkjøp](#).

#### *Regionale avtalar om kjøp av tenester i regi av Helse Vest*

Som del av å sikra eige sørge for-ansvar, inngår Helse Vest avtalar med leverandørar av helsetenester. For avtaler som blir inngått i regi av Helse Vest er det Helse Vest sitt ansvar å gjera vurderingar. Alle avtaler som Helse Vest inngår om kjøp av helsetenester inneheld avsnitt om krav til løns- og arbeidsvilkår, og etikk. For ei vurdering av Helse Vest si etterleving av krav til å ta vare på menneskerettar og mangfold viser vi til [Helse Vest si utgreiing om samfunnsansvar](#).

Det er SAV sitt ansvar å gjere aktsemdsvurderingar for innkjøp som blir gjort *utanfor ein gjeldande innkjøpsavtale*. Rutinar for utføring av aktsemdsvurderingar av ikkje-avtale leverandører må utarbeidast og innførast i føretaket. Leverandørregisteret blir forvalta på tvers av føretaksgruppa av Helse Vest IKT, kor det er mogleg for alle brukarane i SAV å melde inn nye leverandørar. Det blir arbeidd med endringar i kva kontrollfunksjon eininga skal utøve før ein ny leverandør kan registrerast i felles ERP-system.

I arbeidet med utgreiinga har SAV gått gjennom historikk for innkjøp (over 100') for 2022, og finn at vi i stor grad nyttar regionale avtaler, men gjennomgang viser at vi må arbeida med å få på plass



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
59EB408C36984BD4BDF7E2B8AC402DBD

fleire avtalar som gjeld for SAV. Dette gjeld særskilt innkjøp til produksjonseiningane. Vi har no starta dette arbeidet i samarbeid med Sykehusinnkjøp, og reknar med å få på plass fleire avtaler i 2023 og 2024.

Vurdering av risiko	Tiltak
Ein vurderer at risikoen på dette området er lav sett ut frå dei barrierane og tiltaka som er omtale i rapporten.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeid med etterleving av innkjøpsavtaler.</li> <li>Opplæring og kunnskap om innkjøpsregelverket.</li> <li>Bidrag i anskaffingsprosessar i regi av Sykehusinnkjøp</li> <li>Rutinar for aktsemduvurdering ved innkjøp utanfor avtale.</li> <li>Samarbeid med Sykehusbygg om utvikling av apotekareal.</li> </ul>

## Tiltak for å stanse, redusere og førebygge

Det er ikkje identifisert faktiske negative konsekvensar, eller vesentleg risiko for negative konsekvensar gjennom våre aktsemduvurderingar. Derimot har vi har identifisert eit behov for å samla og strukturera informasjon om samfunnsansvaret på våre interne og eksterne nettsider. For å redusera risiko er det sett i gong arbeid med å samla/strukturera informasjon om SAV sitt arbeid med samfunnsansvar på våre nettsider, med aktuelle lenker til informasjon.

## Signatur

Bergen, 29.9.2023

Dokument er signert elektronisk i Admincontrol av følgjande:

**Lene Svanberg Jakobsen**  
kst. administrerende direktør

## Styremedlemmer

<b>Helge Torgersen</b> styreleiar	<b>Arve Varden</b> nestleiar	<b>Clara Beate Gram Gjesdal</b> styremedlem
<b>Helle Kristine Schøyen</b> styremedlem	<b>Anders Hovland</b> styremedlem	<b>Ina Nikoline Wille</b> styremedlem
<b>Hilde Fossmark Helvig</b> styremedlem (tilsettrepresentant)	<b>Sissel Reigstad</b> styremedlem (tilsettrepresentant)	<b>Siri Bergsholm Bjørhovde</b> styremedlem (tilsettrepresentant)



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
59EB408C36984BD4BDF7E2B8AC402DBD